



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

UGGDAL, 16.03.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/810-7	1863/17	500	TK//STDAL	

### **AVGRENSA HØYRING AV REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - MELDING OM VEDTAK**

Formannskap i Tysnes kommune hadde oppe sak om høyring av regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger i sitt møte 8. mars d.å., det vart gjort slikt vedtak i saka:

«Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette ber me om at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsonoplan. Det vert også vist til at fylkeskommunen har invitert til dialogmøter som bør gjennomførast før det vert gjeve uttale. For å sikra samordning med strandsonoplanen ber me om utsetjing til hausten 2017

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.»

Det går fram av vedtaket at Tysnes kommune ønskjer at det vert gjeve utsett frist for høyringa slik at den kan samordnast med den interkommunale strandsonoplanen, me ber om tilbakemelding på vårt spørsmål om utsetjing.

Med helsing  
Tysnes kommune

---

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*